

Vår ref.
ibv

Arkivkode

Stad/Dato
Nærbø, 20.09.2016**Til:**

7. trinn, Fredrik Gudmestad
7. trinn, Eivind J R Fagereng
6. trinn, Arya Maman
6. trinn, Rajan Shafiei
5. trinn, Mari Reime Hodne
5. trinn, Marielle Bjorland
4. trinn, Iris Bjørheim
4. trinn, Tord Mjåtveit

REFERAT FRÅ MØTE TYSDAG 20.9.16.**Til stades: alle repr. og Ina****Stad:** Bø skule, elevrådsrommet.**Saker:**07/ 16-17: **Utereglar.**Kor i skulegarden kan det verte konflikhtar:

- Fotballbanen. Problem med korleis vi vel lag, pressing av dei som vel. Fordeling av banen om morgonen?
- BliMe-benken. Elevar som har nokon å leike med berre set seg der. Då tør kanskje ikkje andre å gå dit som treng benken. Nokre som ville brukt benken tør ikkje, det er dumt.
- Skli. Folk står på sida og held i kanten og skutter dei som skli.
- Klatrestativet. Skal ikkje hoppe, men heller ikkje «gyngje».
- Mange føl ikkje reglane for kor ein skal gå opp lilla bakken ved første klasse. Her må vi gjennomgå reglane tydeleg, ikkje alle har fått det med seg. OBS! Skulens reglar gjeld heile døgnet i skulegarden. Altså også før skulen startar om morgonen og etter skuletid om kvelden.
- Trampolinen. Elevar går ikkje av etter 20 hopp. Om du tar salto og hoppar av må du stille bakerst i køen. Vi hoppar berre ein av gongen.

Kor kan det oppstå farlige situasjonar:

- Apparata ved ATO.
- Store klatrestativet. Sjå deg for om nokon er under så du ikkje hoppar eller trampar på nokon.
- Trampolinen. Den er liten, bruk vett!
- Unngå klatring på ballbingene og basketkorgene. Skarpe kantar og ein kan øydelegge korgene.

-Ikkje snurr dissene, dei kan ryke.

Ta vare på apparata og den flotte lekeklassen så den varar lenge!

08/ 16-17: Vennebenken. Korleis fungerer det? Bør den stå der den står, eller fins det betre plassar?

-Ved første trinn, for dei kan ikkje gå rundt heile skulen.

-I nærleiken av det store klatrestativet.

-Forslag: flytte den ein gong i månaden? Einstemmig vedtatt. Vi flytter den først til området ved 1. trinn.

09/ 16-17: Anna.

- **BliMe-dansen 2016**. Skal vi vere med? Sjå eige ark. Ta avstemming i klassen. Lever arket til Ina kor det står om de stemmer ja eller nei til å BliMe!

- Det er elevar som sykklar rett over bilvegen ved skulen, ikkje tek undergangen. Det er farleg. Bruk sykkelstiane. No er det også streka opp ved undergangen.

-Antimobbeuka/ vennskapsuka, evaluering:

Dette var bra:

- Aldersblanda dag: bra att me blei kjende med andre elevar. Moro med uteaktivitet.
- Gildt!
- Så ingen som blei mobba denne veka.
- Torsdagen: avduking. Flott program i Loen, sjølv om nokon synst var for lenge, spesielt Tønes.

Dette kunne vore gjort annleis, ynskje:

- Torsdag i Loen: dumt med veldig mykje uro og elevar som sparka i andre. Framme på golvet kor dei yngste elevane sat var det vanskeleg å sjå når elevar sit på knea.
- Passe på at det er fokus på trinna heile veka omkring dette. Sjuande trinn opplevde at det var litt lite om det tidlegare i veka.

-Ynskje: yoghurtsal. Det er ikkje aktuelt no med godt tilbod i kantina.

-Kantina: mykje kø første dag. Dei vaksne arbeider med å finne gode løysingar på dette. Det er fint om lærarane på trinna gjennomgår reglar og rutinar i kantina på nytt (t.d. kor mykje ein kan ta, eit pålegg pr skive, ein av kvar frukt etc). Spør Merethe om de lurar, ho er leiar i kantina.

-Herjing på hemsane. Trinna må lage reglar for korleis ein skal bruke og ha hemsan.

-Vi ynskjer at klokkene ute skal bli stilt.

Takk for eit godt møte! Bruk dette arket til å informere gruppa di. Be ein vaksen om råd om du er usikker, eller ta kontakt med meg!

Ina E. B. Vigre

Kontaktlærer for elevrådet